

Nyttig på nett – frå Framandspråksenteret

Med tunga på glid og øyra på stilk


- er tittelen på Framandspråksenterets nyaste ressurs! Denne består av metodiske tips for øving av munnlege ferdigheiter i engelsk og framandspråk. Ressursen er tilgjengeleg både på nett og som trykt hefte. I det følgjande vert eit lite utdrag av tipsa til læringsaktivitetar presentert (sjå ressurs for forslag til gjennomføring).



LYTTING

Stem med føtene!

I denne aktiviteten får elevane vist lytteforståing gjennom rørsle. Elevane skal ta stilling til munnlege påstandar på mål-språket og så «stemme» ved å hoppe eller gå. Når elevane får utfalde seg fysisk, skapar ein brot/variasjon i undervisninga, sansane vert stimulerte, og dei ulike læringsstilane vert tekne omsyn til. Aktiviteten er fleksibel og kan lett tilpassast konkrete tema og ulike språknivå.



Sikksakk-lytting

Når ein skal arbeide med lytttemateriell, kan det vere lurt å avgrense lytteoppgavet til elevane noko. I denne øvinga skal elevane svare på spørsmål ved å lytte etter spesifikk informasjon, men oppdraget vert delt mellom elevpar. Sikksakk-lyttinga går ut på at to og to elev får ulike spørsmål til same tekst, men spørsmåla er fordelte etter kronologien i teksten. Det gjer at elevane får betre tid til å lytte, merke seg informasjon og notere svaret.

For å få ei større forståing av konteksten byter elevane spørsmål og svar med kvarandre. Dei lyttar nok ein gong, sjekkar svara til medeleven og legg eventuelt til meir informasjon. Gjennom denne arbeidsmetoden må elevane konsentrere seg om både delar av teksten og teksten som heilskap.

MUNNLEG PRODUKSJON OG INTERAKSJON:

**«Baksnakk»**

I denne bileteaktiviteten vert elevane utfordra både på reseptive og produktive ferdigheiter, og det i fleire omgangar. Tittelen «Baksnakk» viser til at elevane har ein biletdel festa på ryggen som er ukjent for dei sjølve og som skal beskrivast av ein medelev. Denne faktoren skapar nysgjerrigheit, og det faktum at dei skal møte fleire medelevar, bidreg til engasjement. Det visuelle i form av bilete stimulerer til språkleg produksjon, og den enkelte har eit tydelig formål: For det første skal dei ved hjelp av lytteforståing få ein idé om kva deira eige bilete viser. For det andre tileignar dei seg vokabular og formuleringar til bruk i eigen språkproduksjon når dei i neste fase skal gå frå tanke (om eigen biletdel) til stadfesting når dei finn den andre bilethalvdelen.

Terningen har talt!

Ein måte å praktisere temabasert ordforråd i ein samanheng er å bruke bilete-terningar. Disse kan ein lage enkelt i til dømes nettenesta *SEN Teacher Free Learning Resources*. Med utgangspunkt i det terningkasta gir, skal elevane skape ein munnleg samanhengande tekst. Det uføreseielege i spelet utfordrar og inspirerer til kreativ språkutfalding.

Lykke til med aktivitetane i *Med tunga på glid og øyrene på stilk* – og elevar som lyttar, taler og deltek! Sjå også tilsvarande ressurs for leseferdigheita. Det er verdt å lese!